



Lars Sætre  
Birkebeinergaten 1  
5003 BERGEN

**Deres ref.:**

**Vår ref.:**  
15/00001-016 -515

**Vår saksbehandler:**  
st

**Voss, den**  
07.04.2015

### SVAR PÅ BREV OM FESTEAVGIFT, DATERT 7.APRIL 2015

Dei to numra 03.A.1.19 og 03.A.1.20 refererer til to graver ved sida av ein annan. Difor vert det kravd avgift for både to, sjølv om dei har felles gravstein. Kwart nummer refererer til ei spesifikk grav.

Alle gravene har fått eit anna festeforfall enn det som er vanleg praksis her hjå oss, ser eg. Eg finn ikkje noko historiske opplysingar om kvifor festeforfallet er sett til 2015, men tenkjer meg at det er gjort ei vurdering ut frå opplysingane som ligg føre i vårt register.

Til opplysing:

03.A.1.12 skulle hatt forfall i 2010, og rekning på festeavgift fram til 2020

03.A.1.17 og 03.A.1.18 skulle hatt forfall i 2013, og rekning til 2023

03.A.1.19 og 03.A.1.20 kunne vore registrert med forfall i 2009, 2010, 2011, eller 2013, alt etter kva som har vore lagt til grunn i tidlegare festeavtalar. Det rette er mest truleg 2013.

Dersom de ynskjer det, kan rekninga endrast i samsvar med dei ovanstående forfallsåra, eller delast opp i to rater.

Då ventar eg på tilbakemelding frå dykk, og ber om orsaking for bryet.

Med helsing

Svein Tøsse  
Kyrkjeverje